



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juli og august 2016.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK

Årgang
52



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Eileen Brandad Hareide
Visepresident: Sverre Jarl Ulstein
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Hanne Rognan
Past president: Bernhard Harkjerr
Styremedlem: Vegard Gjerde
Styremedlem: Bjørn Teigene
Ansv.red.: Vigdis Riise
Referent: Vigdis Riise

AUGUST

*Efter julis silke
Kommer august med fløyel og brennende lys.
De blussende kinnenes måned da brystene er
tunge
Og brune av sol. Modningens tid.
Keiserenes måned. Ikke vent.
Elsk
i august. September kommer snart med sine
rynker
og sin tørre munn.
Se - svalene skyter med piler.
Huj-huj, hør latteren. Plutselig er det din
tur.*

Rolf Jakobsen.

Referat frå Rotarymøte 1. august 2016.

Etter sommarferien var dette det første ordinære møte med ny president:

Eileen Hareide Brandal, og vi opna møtet med songen "Blant alle lande".

Eileen har "arva" nokre småhistorier som farfaren, Endre Hareide har skrive om livet i Eliasgarden og elles på Hareid i si levetid,- og Eileen las ei av desse historiene til oss. Den var skriven i 1995 og handla om kor viktig kornet var som ein del av grøda og det vart også kalla "Gudslånet".

Det var viktig å eige eller ha tilgong til ei kvern og det vart sett på som eit statussymbol å eige ei kvern. På syttenhundretalet var det 30 kvernhus i Hareidsdalen!!

Året 1846 vart det gjort avtale mellom eigarane i Elvedalen på Indre Hareid og kaptein Peter Amland og Ole Hjelle stod føre bygging av dam , stampe og "møllebrug"! Siste gongen det vart male korn i kverna der var i 1945.

"Det kom nye tider der ingen hadde bruk for kverna lenger, berre borna fann ly og eventyr i det gamle kvernhuset der skogen og mosen etter kvart har lagt si hand over det heile".

No veit vi at Hareid Rotary har teke initiativ og har fått sett i stand det gamle kvernhuset, og det kan kanskje no nyttast til kornmaling for den som har lyst og behov for det ?

Referat frå Rotarymøte 8. august 2016.

Presidenten Eileen opna møte og vi song "Vi vandre med freidig mot".

Vidare las ho ei av småstykkja som Endre Hareide har skrive, , og denne gongen var det "Kjærlighetsbota" som handla om litt då Endre vart kjærast med Mossi og dei treftest i Kvitholen der Endre dreiv nybrotsarbeid saman med Sørn Elias.

Elles vart dette møtet nytta til å presentere Syftemåla for komande Rotaryår:

Medlemsskap og aktivitetar: Mål: 40 medlemmer.

Rotarystien: 4 stk dugnader

Klubbmål: Støtte til "Mama Clara" i Peru og Sierra Leone

Målet for 2016/2017 er 1000 usd / Nok 8000,- til Rotary Foundation.

Diskusjon rundt borda resten av kvelden.

Referat frå Rotarymøte 15. august 2016.

Møtet var opna med songen "Til lags åt alle" sidan vi hadde Ordførar Anders Riise som gjest og fordragshaldar.

Før han fekk ordet orienterte Idar Flø som er leiar i programkomiteen om programmet vidare utover hausten: Spennande og allsidig!!!

Eileen informerte om distriktskonferansen som skulle haldast i Ålesund 24. og 25. september og inviterte fleire medlemmer til å vere med.

Foredraget v. Anders handla om kommunreforma og forslaget som var framforhandla mellom Hareid og Ulstein til ein kommune som skal evt skal heite "Hareidlandet" .Det vert halde folkerøysting for innbyggarane i kommunen den 22.august og avstemming i kommunestyret den 31. august.

I Ulstein har dei ikkje hatt folkerøysing, men berre opponionsundersøkjing pr. tlf.

Anders kunne opplyse om god tone under forhandlingane der dei hadde vore einige om det meste, m.a. at den nye kommunen skulle nytte Hareid sitt kommunevåpen og Hareid sitt orførarkjede.

Etter dette vart det mange spørsmål og diskusjon.

Rotartymøtet 22. august 2016

Denne mandagen var det dugnad på Rotarystien.

Det vart gjort mykje godt arbeid av ca. 15 personar, og av dette var det 7 gjestearbeidarar som møtte med godt klippeutstyr.



Referat frå Rotarymøte 29. august 2016

Vi opna med "Mellom bakkar og berg" og president Eileen ønskte alle vel møtt.

Sjølv om siste møtet i kvar månad skal vere programfritt, så skulle vi denne kvelden ta opp eit nytt medlem: Knut Strømsjordet.

Han bur i Geilane på Hareid men kjem opprinneleg frå Hov i Land og er lærar på Ulstein VGS på linja "Sal og Service". Idar Flø er hans fadder og Hans Gisle Holstad var seremonimeister som minte om 4-spørsmålsprøva som vi alle treng å hugse på.

Etter dette fekk Jan Bigset ordet og presenterte ein filmsnutt frå Norsk film som viste opptak frå hendinga då Einar Holm vart alvorleg sjuk om bord i "Flemsøy" i Vesterisen og måtte hentast med helikopter for å kome til lækjar først til Akureyri på Island og derifrå til Bergen og Ålesund. Einar Holm fortalde også sjølv om kor dramatisk dette var og i kummerlege forhold ombord i Flemsøy. Det var kaffi og gode vafler som smakte godt i samtalene rundt borda.

